

Europaparlamentets finanskomité: Digital skatt, landspesifikke tilrådingar og dialog med kommissær Vesterager

15. oktober 2018

- *Europaparlamentet blir konsultert i framlegg om digital skatt og støttar i hovudsak Kommisjonenens framlegg og behovet for tiltak*
- *Verkeområde, definisjonar og skattenivå for digital skatt sentrale tema i komiteen*
- *Vesterager kommenterte ei rekkje spørsmål i dialog med finanskomiteen, inkludert behovet for effektiv konkurranse og sterke og uavhengige nasjonale konkurransetilsyn*
- *Debatt med nasjonale parlament om Kommisjonenens landspesifikke økonomiske tilrådingar var fragmentert og deltakinga var lita og ikkje representativ.*

Møtet i Europaparlamentets finanskomité (ECON) førre veke hadde ein variert dagsorden. Digital skatt, kommisjonenens tilrådingar for medlemslandas økonomiske politikk og dialog med kommissær Vesterager var blant sakene som vart drøfta på [møtet 9. oktober](#).

Skatt på digitale selskap

Komiteen drøfta dei to aktuelle framlegga om skattlegging av digitale selskap. Det omfattar eit framlegg om [selskapsskatt for vesentleg digital nærverande](#) og [felles system for skatt av digitale tenester](#). Saksordførarar for dei to framlegga er Dariusz Rosati (EPP, Polen) og Paul Tang (S&D, Nederland). Europaparlamentet blir berre konsultert i skattesaker og vedtak krev semje mellom alle medlemslanda, jf. også omtale i [Stortingets EU/EØS-nytt 10. oktober](#) og [omtale i Euractiv](#). Mange medlemsland har innført eller vedteke å innføre nasjonale reglar. Det er uro for at dette skal føre til ei fragmentering av den indre marknaden. I vente på at prosessar i OECD og G20-landa skal gje ei langsiktig løysing, er det dermed gjort framlegg om EU-reglar på dette området. Førre veke vart det kjend at [juristane i Rådet stiller spørsmål](#) ved om framlegga frå Kommisjonen har ein korrekt juridisk grunnlag. Kommisjonenens grunnlag er artikkel 113 i traktaten om EUs funksjonsmåte. Denne artikkelen gjev heimel til EU-regulering m.a. for å sikre funksjonen til den indre marknaden.

I ECON var det generell støtte til Kommisjonenens framlegg og behovet for tiltak på EU-nivå. Både fordi mange medlemsland er i ferd med å innføre slik skattlegging og fordi det er uforståeleg for EUs innbyggjarar kvifor nettgigantar betaler så lite skatt, er det viktig at EU vedtek nye reglar. Saksordførarane og andre var opptatt av å vurdere definisjonane av til dømes vesentleg nærverande og digital teneste og også verkeområdet til regelverket. Det blir drøfta om og i tilfelle korleis sal av data skal skattleggjast. Det er viktig å utforme reglane på ein måte som både unngår dobbelskattlegging eller nullskattlegging. Mange var opptatt av å gjere unntak for små og mellomstore verksemder. Saksordførarar Tang ynskjer eit høgare skattenivå (auke frå 3 til 5 prosent) enn det Kommisjonen har gjort framlegg om. Ein del meinte det var behov for betre konsekvensvurdering før nye reglar blir innført. Andre viste til at dette er eit område det er relativt lite kunnskap og erfaring. Ein må derfor leve med uvisse om effekten av framlegga og heller evaluere systema etter ei viss tid. Det er også gjort framlegg om at regelverket automatisk skal bli oppheva etter ei viss tid eller når ein får ei langsiktig, global løysing t.d. i OECD.

Framlegget til Kommisjonen vil krevje samarbeid mellom nasjonale skatteetatar som skal krevje inn europeiske skattar. Det kan derfor vere behov for ei form for kontrollsystem eller

kollegaevaluering for å sikre ei harmonisert handheving. Ein del land er urolege for å tape skatteinntekter (små land med store selskap registrert) til andre land (store land der digitale selskap har høg aktivitet, men ikkje er registrert). Det blir derfor drøfta å innføre ei form for utjamning- eller kompensasjonssystem. Ein del representantar understreka at skatt er medlemslandas kompetanse og at reglane ikkje må hindre medlemslanda frå å gjennomføre nasjonale skatteordningar. Andre var opptatt av å unngå negativ skattekonkurranse mellom europeiske land.

Kommisjonen sa i ein kort kommentar at det hastar med å få vedteke nye reglar sidan mange land er i ferd med å innføre nasjonale reglar.

Komiteen skal etter planen røyste over endringsframlegga i desember. I Rådet kan det også liggje an til uformell semje i desember, men formelt kan ikkje Rådet gjere endeleg vedtak før etter at Parlamentet har gjort eit plenumsvedtak. Det kan tidlegast skje i januar.

Dialog med konkurransekommissær Margrethe Vesterager

Dei ulike kommissærane i Europakommisjonen møter sine respektive komitear i Europaparlamentet til såkalla strukturert dialog kvart år. Konkurransekommissær Margrethe Vesterager hadde denne veka slik dialog ECON. Ho understreka i si innlegging at ein effektiv marknad er avhengig av reglar. Effektiv konkurranse og like konkurransevilkår er grunnleggjande viktig også fordi dette sikrar innovasjon og produktutvikling. Ho viste til at Kommisjonen har mistanke om kartellverksemd mellom fem bilprodusentar og har opna granskning. I motsetnad til tradisjonelle kartell er det ikkje mistanke om prissamarbeid, men derimot samarbeid om fusk knytt til testing av utslepp. Saka viser at ulovleg konkurranse også kan ha konsekvensar på fleire område enn det som tradisjonelt blir forbunde med konkurransepolitikken – i dette tilfelle altså klima og miljø. Kommisjonen vil gjennomgå konkurransereglane for å tilpasse dei til det nye systemet for utsleppskvoter. Vesterager viste til at Kommisjonen vurderer mange saker knytt til skatteordningar for å sjå om dei medfører ulovleg statsstøtte. I nokre tilfelle kjem det fram at praksis ikkje er ulovleg etter statsstøttereglane, men kan likevel vere oppfatta som urimelege. Ein slik sak var McDonalds som pga. reglar i Luxembourg fekk dobbel ikkje-skattlegging. Regjeringa i Luxembourg har nå gjort framlegg om å endre reglane for å hindre dette i framtida. Ho viste til at det er behov for å vurdere om konkurransereglane er tilpassa den nye digitale tidsalderen. Mellom anna skal tre spesialrådgjevarar kome med ein rapport til Kommisjonen i mars om dette.

Kommissæren fekk ei rekkje spørsmål frå medlemmane i ECON. Dette omfatta mellom anna spørsmål om det er mange døme på uheldig bruk av førehandsfråsegner om skatt. Kommisjonen har fått informasjon og døme frå alle medlemslanda om praksis knytt til dette. Hovudintrykket er at landa har ein god praksis, men Kommisjonen vil vurdere nokre saker meir inngåande.

Persondata er eit stadig viktigare tema i samband med fusjonssaker. Dette omfattar både korleis data blir beskytta i eit fusjonert selskap, men ikkje minst konkurranseeffekten av at data blir fusjonert.

Kommisjonen følgjer med på innføringa av nye betalingssystem frå t.d. Apple. Sjølv om Apple er ein internasjonal gigant, må det vurderast om Apple i denne samanhengen er dominerande eller kan bidra til meir konkurranse i betalingsmarknaden.

I Hellas meiner fleire at pris på mat og andre forbruksvarer har auka urimeleg mykje etter finanskrisa. Vesterager sa det er viktig at nasjonale konkurransetilsyn er aktive, men også at forbrukarane har ei viktig rolle i å melde frå ved mistanke om urimeleg praksis eller prissamarbeid. Den viktige rolla til nasjonale tilsyn er også bakgrunnen for Kommisjonen framlegg for å styrke tilsyna gjennom å sikre dei meir ressursar, betre verktøy og høve til å høgare bøter i tillegg til å sikre dei ei meir uavhengig rolle.

Kommissæren svarte grundig og overtydande dei fleste spørsmåla og stadfesta også at ho gjerne kunne tenkje seg å halde fram som kommissær med same ansvarsområde i neste kommisjonsperiode.

Diskusjon med nasjonale EU-parlament om landspesifikke tilrådingar

ECON hadde invitert [nasjonale parlament om Kommisjonen landspesifikke tilrådingar](#) for økonomien, jf. [Rådets heimeside](#). 11 av 28 EU-land som var representert på møtet. Det kom kommentarar knytt til behovet for vidare strukturreformer og tiltak for å fremme investeringar i EU. Det var likevel fleire som var kritiske til EUs generelle økonomiske politikk og krav om budsjettbalanse og som viste til at sparepolitikken hadde hatt negative effektar i mange land. Det vart også vist til at kriteria burde omfatta indikatorar knytt til miljø eller sosiale tilhøve. Ein del viste til at EU må finne ein betre balanse mellom budsjettansvar og solidaritet med dei landa som har svakast økonomiske utvikling. Andre viste til at EU-landa må ta inn over seg at dei har levd over evne og at det er behov for kutt framover.

Den pågåande diskusjonen mellom Kommisjonen og den italienske regjeringa om budsjettframlegget for 2019, kom opp i møtet. Den italienske parlamentarikaren som hadde ordet forsvarte framlegget og sa regjeringa er ansvarleg regjering, men modig. Det er viktig å med større fleksibilitet i vekst- og stabilitetsspakken for å kjempe mot fattigdom, auke pensjonane og redusere arbeidsløysa blant ungdommen. Ein portugisisk parlamentarikar kommenterte at fleksibilitet er viktig, men at det ikkje er det same som å vere ettergeevande. Det er nødvendig med felles reglar og felles tolking. Komitéleiar i ECON, Roberto Gualtieri (S&D, Italia) oppmoda om gjensidig respekt og dempa ordbruk i dialogen mellom Italia og Kommisjonen. Ein rumensk parlamentarikar etterlyste strengare oppfølging frå Kommisjonen overfor eige land.

Ein polsk parlamentarikar nytta høve til å kommentere framlegget til langtidsbudsjett. Landbruksstøtta må vidareførast på same nivå som i dag sa han. Samstundes meinte han at pga. migrasjonspolitikken EU har ført, er det nå nye utfordringar knytt til indre og ytre sikkerheit. Tiltak for å bøte på dette må prioriterast i budsjettet.

Samla var debatten i møtet nokså fragmentert og også prega av at mange land ikkje var representert. Av dei som hadde ordet var det dermed ei overvekt som kom frå land som hadde vore sterkt råka av finanskrisa og er netto mottakar på EU-budsjettet. Det var også få deltakarar frå nasjonale parti som er del av sentrumsgruppene i europeisk politikk (EPP, S&D, ALDE).

Med helsing

Per S. Nestande
seniorrådgjevar

Stortingets Brussel-kontor

internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11

Mobil: +47 917 68 598

E-post: psn@stortinget.no

www.stortinget.no